



Osterøy kommune  
Postboks 1  
5293 LONEVÅG

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Anne Vibeke Barkved, 5764 3117

## Svar på søknad om stimuleringsmidlar til eigeninitiert utviklingsprosjekt

Vi viser til søknad av 30.05.2023.

Tilskotsordninga er ein del av kompetansestrategien for det kommunale barnevernet, og skal medverke til å stimulere til teneste- og tiltaksutvikling i kommunane for å styrke oppfølginga av utsette barn og familiane deira. I 2022 har Statsforvaltaren i Vestland kr 1 445 026,- i tilskotsmidlar til disposisjon til å støtte kommunane sine eigeninitierte utviklingsprosjekt som er forankra i kommunale læringsnettverk.

Osterøy som vertskommune søker i samarbeid med Modalen og Vaksdal kommune som 1 000 000,- til utviklingsprosjektet «Heilskapeleg, samordna og helsefremjande oppvekst – saman byggjar me bru mellom kvarandre. Prosjektet er inspirert av den danske kommunen Esbjerg, som har synt til god måloppnåing for eit liknande prosjekt. De søker om tilskot til husleige, prosjektmedarbeidarar, prosjektleiar og to studieturar.

Som vi skreiv i vår e-post av 7. juni 2023, oppfyller ikkje søknaden dei krava som er stilt for å kunne søke om stimuleringsmidlar gjennom nettverket. Vi gav en utvida frist for å gje dykk anledning til å sende inn tilleggsopplysningar til søknaden.

I e-post av 09.06.2023 går det fram at de trekker søknaden i denne omgang, og at de vil arbeide vidare med prosjektskissa, med mål om å søke tilskot ved ein annan anledning.

Vi har derfor ikkje vurdert søknaden, men ynskjer dykk lukke til med vidare arbeid.

Med helsing

Øystein Breirem Jacobsen  
seniorrådgjevar

Anne Vibeke Barkved  
seniorrådgjevar



*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Modalen kommune

Vaksdal kommune

Postboks 44

Konsul Jebsensgata 16

5729

5722

MODALEN

DALEKVAM